



Rovviltnemnda i region 1

Vestland, Rogaland og Agder

Rovviltnemnda
Adresseliste

Dykkar ref:

Vår ref.:
2022/7919

Arkivnr.:
434.21

Dato:
23.06.2022

Vedtak lisensfelling av jerv og ulv i rovviltregion 1 for 2022 - 2023

Deltakarar

Frå rovviltnemnda: Noralv Distad, Trude Brosvik og Sigbjørn Framnes.

Forfall: Beate Marie Johnsen og Hanne Marte Vatnaland.

Saksframlegg ligg i protokollen frå møtet.

Sak 05/22: Lisensfelling av jerv og ulv.

Lisensfelling jerv 2022 – 2023. Samrøystes vedteke.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av jerv i perioden 10.09.2022 – 15.02.2023. Til saman kan det fellast 8 jervar i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på jerv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

Postadresse:
Rovviltnemnda i region 1
c/o Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Leiar for rovviltnemnda:
Noralv Distad
Vinjavegen 1, 5745 Aurland
Telefon: 91374976

Noralv.Distad@vlfk.no

Sakshandsamar:
Hermund Mjelstad
Telefon 57643124

fmsfhm@statsforvalteren.no
<http://www.statsforvaltaren.no/vl>

Rovviltnemnda region 1
<https://www.rovviltnemnd.no/nb/region1/>

- Hagle og rifle er tillatt ved lisensfelling på jerv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

- Det er høve til bruk av bås til fangst av jerv dersom det etter søknad blir gitt løyve til det av Statsforvaltaren.

- Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

- Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga

Sak 05/22: Lisensfelling av jerv og ulv.

Lisensfelling ulv 2021 – 2022. Samrøystes vedteke.

1. Rovviltnemnda opnar for lisensfelling av ulv i perioden 01.12.2022 – 31.05.2023. Til saman kan det fellast **3 ulv** i heile Region 1. Irregulær avgang eller skadefelling gjennomført etter nemnda/Miljødirektoratet sitt vedtak blir belasta kvoten.

2. Desse bestemmelsane gjeld for lisensfellinga:

- Oppdatert informasjon om kvote blir lagt ut på tlf. 51568900. Alle jegerar pliktar å halde seg orienterte om kvoten som er att.

- Felt dyr skal straks meldast til Statsforvaltaren og Statens naturoppsyn. Felt dyr skal synast fram for Statens naturoppsyn for kontroll. Den som skyter på ulv utan at han blir felt plikter å melde frå straks til Statsforvaltaren og næraste politimynde. Statsforvaltaren avgjer korleis det vidare ettersøket skal gjennomførast.

- Rifle er tillatt ved lisensfelling på ulv. Sjå elles viltlova sine bestemmelsar for mellom anna utøving av jakt, felling og fangst (forskrift av 22.mars 2002, sist endra 16.05.2012).

-Lisensfelling er knytt til eigedomsretten til jakt og fangst. Løyve frå jaktrettshavar til lisensfelling er difor naudsynt.

-Statsforvaltaren administrerer lisensfellinga.

Nemnda sitt vedtak kan påklagast innan 3 veker frå vedtaket er motteke. Klagen skal handsamast av Klima- og miljødepartementet, men sendast til rovviltnemnda.

Med helsing

Noralv Distad
leiar for rovviltnemnda for region 1
Tlf. 91374976

Kopi pr. e-post:

Naturvernforbunda i fylka i region 1
Foreningen våre rovdyr
WWF Norge
Norges Miljøvernforbund
Statens Naturoppsyn Vestland
Statens Naturoppsyn Rogaland og Agder
Statsforvaltarane i region 1
Klima- og miljødepartementet
Miljødirektoratet
Mattilsynet region sør og vest
Sogn og Fjordane sau- og geit
Vest-Agder sau- og geit
Rogaland sau- og geit
Hordaland sau- og geit
Agder Bondelag
Rogaland Bondelag
Vestland Bondelag
Sogn og Fjordane bonde- og småbrukarlag
Hordaland bonde- og småbrukarlag
Rogaland bonde- og småbrukarlag
Vest-Agder bonde- og småbrukarlag